



Naturvernforbundet

Buskerud

Flå og habilitet.

I eit brev datert 8.4 2024 stiller utbyggingsselskapet Høgevarde spørsmål om Statsforvaltaren sin habilitet i forhold til motseguna til hytteplanane i Grøun -HV19. Hytteutbyggjarane peikar på at avdelingsdirektør i Klima- og Miljøavdelinga hos Statsforvaltaren, Gunhild Dalaker Tuseth, er styremedlem i stiftelsen Norsk Villreinsenter. Villreinsenteret er ein viktig aktør i arbeidet med kvalitetsnormen for villrein. Høgevarde AS sår derfor tvil om Statsforvaltaren er upartisk i si vurdering av utbygginga i HV19. Flå kommune bruker ikkje lang tid på å vurdere innhaldet i brevet og grunnlaget for påstandane. Kommunen sender dagen etter brev til Statsforvaltaren der dei deler synspunkta til Høgevarde AS.

Flå kommune framstår dermed som eit underbruk av Høgevarde AS.

Reint spinn

Ura over om Statsforvaltaren er partisk i konflikten mellom Høgevarde og villreinen er merkverdig. Villreinen er raudlista og ein art Norge har spesielt ansvar for i europeisk samanheng. Det er Statsforvaltaren si oppgåve å sørge for at nasjonal politikk blir følgd opp i kommunen. Avdelingsdirektøren sit i styret for Villreinsenteret som ei følge av stillinga si, og er vald av Miljødirektoratet. Det ville undre oss dersom Direktoratet har sett Statsforvaltaren i ein posisjon som gjer dei inhabile i alle saker der villrein er tema.

Heile problematikken er reint spinn.

Habiltet i Flå

Flå kommune burde istaden sjå litt på habiliteten til eigne politikarar.

Varaordførar Buøen driv eige firma, Buøen Råd og Strategi som driv med planarbeid, reiseutvikling og utvikling av hytteplanar.

I Hallingdølen 19.9.2023 kan me lesa om ein historisk avtale mellom Bygdelista og Ap.

Dei hadde funne ei genial løysing på flokene etter valet.

Merete H.Gandrud held fram som ordførar, medan Tor Egil Buøen blir varaordførar og leiar for eit utvida planutval. Der får Bygdelista fleirtal. *“Det betyr at me får ei sterke hand på rattet på viktige saker og der me meiner at Tor Egil er best. Helse- og oppvekstsaker held Merete tak i”* sa leiar i Flå Bygdeliste, Kristian Akervold. Det høyrer med til historia at Akervold er daglig leiar av Flå Vekst.

Konsekvensen av dette er at Buøen må seie frå seg alle avtalar med oppdragsgivarane sine, men dei møter han nå som leiar av utvalet.

Flå er ein liten kommune, det er vanskelig å komme utanom at nokon vil måtte ha fleire hattar. Naturvernforbundet synes likevel at rolla til Buøen bør få meir merksemd. Buøen presiserer til Hallingdølen at det er Merete H. Gandrud som er ordførar, og at leiarjobben i det nye utvalet ikkje betyr at det er to ordførarar.

I praksis er det ikkje tvil om kven som dominerer politikken i Flå, det er varaordføraren. Flå kommune stiller seg lagelig til for hogg når dei “med påholden” penn sår tvil om habiliteten til Statsforvaltaren.

Naturvernforbundet i Buskerud - Martin Lindal

Naturvernforbundet i hallingdal - Olav Arne Løstegård